

Å gå på kino

 Espen Stranger-Johannessen

 Aakanee

 Espen Stranger-Johannessen

 3

 nynorsk nn



Mai leitar etter ein film ho kan sjå. Ho vil gå på kino med bestevennen sin, Lisa.



Mai tar scooteren sin til kinoen. Dei har avtalt å møtast der.



På kinoen helser dei. Dei er spente på å sjå filmen.



Mai kjøper billetter til begge i billettluka.



Ho kjøper òg ein stor boks popkorn.



Lisa tar popkornet medan Mai kjøper to flasker brus.



Dei viser billettane før dei går inn for å sjå filmen.



Dei leitar etter plassane sine. Det er mørkt fordi filmen allereie har byrja.



Dei set seg og ser på filmen.



Det er ein romantisk film. Det er sånne filmar dei liker best.



Etter filmen seier dei «ha det» og drar heim.



LIDA Stories

lidastories.net

Å gå på kino

 Espen Stranger-Johannessen

 Aakanee

 Espen Stranger-Johannessen

